



Familien Bjørkeli oppdaga denne utstillinga på nyopna museum i Seattle. Er det verkeleg «Os Style»? (Privat bilde, foto: Geir Bjørkeli)

Stadig fleire Os-roser i USA

Familien Bjørkeli fann denne utstillinga på nyopna museum i Seattle. Det er ikkje rart.

Av: Kjetil Vasby Bruarøy (mailto:kjetil@midtsiden.no) Mandag, juli 30, 2018 - 13:46

Geir Bjørkeli, som jobbar i Canada, møtte kona Merete Johnsen og sonen Magnus (blir 9 år i år) for litt ferie i Seattle i sommar. Då dei besøkte eit nyopna museum gjorde Geir ei uventa oppdaging.

– Eg såg noko rosemåling i ein krok, og som osing måtte eg bort og sjå, fortel Geir, som blei gledeleg overraska då han såg at utstillinga var skilta med «Os style».

Museet heiter Nordic Museum og hadde offisiell opning laurdag 5. mai. Nordic Museum ligg i bydelen Ballard, der det ifølgje Bjørkeli bur fleire nordmenn og norskamerikanarar.

– Det var kjekt å sjå Os markert på denne måten i eit museum som skal vera reist ved hjelp av rundt 50 millionar dollar i innsamla midlar, blant anna frå folk og firma frå Norden.

Rosemåling er ein tradisjon som har stått sterkt i Noreg, fleire bygder med kvar sine unike stilar på tvers av målarane. Ifølgje forfattar Lars Skorpen er Os truleg den einaste staden i Noreg der rosemåling har vore ein samanhengande, levande tradisjon frå 18-20-talet og fram til i dag.

Har halde kurs for amerikanarar - i USA og i Os

Norsk rosemåling er representert på tvers av heile USA, frå Florida i søraust til Seattle i nordvest. På Epcot-senteret i Orlando er det fleire utstilte, rosemålte gjenstandar, donert av blant andre naturhistorisk museum i Trondheim og av den norske stat. Disney-suksessen «Frost» (Frozen) har fleire element av rosemåling og nordisk inspirasjon.

Men korleis har rosemåling frå Os blitt kjent i USA?

– Mange amerikanarar er opptatte av røtene sine, og dei med skandinaviske røter viser gjerne stor interesse for tradisjonar frå forfedrene sine, seier Torunn Rød Farsund.

Torunn er sjuande generasjon rosemålar, og femte generasjon som måler Os-roser. Ho har vore i USA to gongar for å halda kurs i rosemåling. I sommar hadde ho ein delegasjon frå USA på kurs på Lyngheim i Os.

– Eg og Hjørdis Juvik hadde kvar vår gruppe på 12 deltakarar på kurs i rosemåling mens Alf Strønen hadde ei eiga gruppe på treskjering.

– Hjørdis har fleire kurs i Os, og skal òg halda kurs under Kystsogevekene.

Vil du læra meir om tradisjonsrikt handarbeid frå Os? Under Kystsogevekene, laurdag 8. september, er det foredrag og film på Det historiske tunet på Lyngheim.

– Profesjonelle og fantastisk flinke

Kursa i USA var organiserte av Vesterheim, eit norsk-amerikansk museum og kultursenter i Decorah i Iowa.

– Eg liker betre å måla enn å halda kurs, og var spent på kva som venta meg då eg heldt det første kurset. At mannen til ein av deltakarane kom bort til meg, presenterte seg og fortalte at kona skulle på kurs, og ho skulle bli profesjonell rosemålar, blei eg ikkje mindre spent.

Men både dette kurset og det neste, nokre år seinare, gjekk fint.

– *Har du inntrykk av at kursdeltakarane faktisk blir profesjonelle?*

– Ja! Dei tar dette veldig seriøst, og allereie på første kurs måtte eg vera dommar, for då skulle dei ha konkurranse og dela ut gullmedalje til den flinkaste.

– I etterkant har fleire vore veldig produktive og utruleg flinke. Dei sel mykje varer på ulike tilstellingar og festar for norskamerikanarar, og dei som har vore på kurs hos meg held kurs vidare for andre.

I løpet av opphaldet i Os var gruppa utom Museet Lysøen. Torunn har allereie fått flott rosemåling tilsendt på epost frå ein av deltakarane, der Os-rosene er kombinerte med Ole Bulls villa og ein fiolin.

Kva er «Os-style»?

Mange av bygdene i Noreg ligg skilte frå kvarandre med fjord eller fjell. Bygdene utvikla sine eigne stilar, sånn Os gjorde etter at rosemålar Nils Tveiterås flytta frå Samnanger til Midthus i Hegglandsdalen. Han tok etternamnet Midthus, fekk blant andre sonen Annanias (tok etternavnet Tveitt etter kjøp av Gard med same namn) i lære saman med naboguten Ola Tveit. Desse to utvikla stilen vidare.

– *Kva er spesielt med Os-rosene?*

– Det som er typisk for rosemåling frå Os er at dei ofte er malt på kvit botn, det er brukt sterke fargar og mange detaljar.

– Men det er som med andre stilar, det finst unntak, det er variasjon frå målar til målar, og stilen held fram med å utvikla seg.

– *Kva med desse rosemålte gjenstandane som er utstilte på det nye museet i Seattle, veit du kven som har målt dei, og er det «Os Style».*

– Nei, eg veit ikkje kven som har målt dei. Det kan vera nokon som har gått på kurs hos nokre av dei som har vore på kursa mine, men det kan òg vera heilt andre personar, seier Torunn, og bruker litt lengre tid på å svara på om det er Os-stil.

– Eg ser nokre typiske trekk frå Os på nokre av gjenstandane, ja.

Nesten usynleg i heimbygda

Mens amerikanarane i aust og vest stiller ut rosemåling i meir eller mindre «Os Style», inviterer målarar frå Os til å halda kurs og arrangerer turar til Noreg for å læra om tradisjonen, er vi mindre opptatt av å visa det vi har her heime, skal vi tru Rød Farsund.

– Den einaste staden du kan sjå Os-rosene i dag er veggen eg har malt på restauranten Havnechefen.

Restauranten held til i nybygget på torget, eit bygg huseigar Os kommune har kalla «Osroso».

– Oselvaren er meir synleg, men no når det blir satsa meir på turisme trur eg det kunne vore interesse for også å sjå Os-rosene og lesa historie om rosemålinga fleire stadar.

Miniatyr-Oselvaren som Osfest fekk Torunn til å rosemåla (<https://www.midtsiden.no/ein-fin-og-spesiell-ide>) står utstilt på Luranetunet. Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim har fokus på rosemåling, men dette tunet er ikkje ope til faste tider.

0 kommentarer

Sorter etter **Eldste**



Legg til en kommentar ...

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)